

Settefylkesmann handsamar kårhus-saka

21.06.2008

Saka om kårhustomt utanfor tunet til Møyfrid og Anders Kristoffersen på Musland kjem no inn i ei ny fase. Det må oppnemnast settefylkesmann.

Kommunen har gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen slik at paret skal få byggja kårhus på Storhaugen, som ligg lengeroppe i dalen.

Men fylkesmannen si landbruksavdeling har påklaga kommunen sitt vedtak utan at kommunen har teke klaga til følgja. Deretter er klaga sendt over til fylkesmannen.

Nå går ho vidare til Fornyings- og administrasjonsdepartementet i Oslo fordi fylkesmannen er inhabil til å handsame saka.

Difor må departementet oppnemna settefylkesmann.